



Styremøte

Tid og stad:

Laurdag 6. juni 2015 kl. 16.00 i Fløda hjå Anne Bjørg

Saksliste:

1. Miniturnering
2. Brev frå kyrkjeringen
3. Fotballen i Sande
4. Ungdomsnettverk i Møre og Romsdal
5. Innbrotssaken
6. Krafttaket 2015, Tussa
7. Mobilinnsamling
8. Klubbhusprosjektet
9. Eventuelt

Desse var til stades:

| | |
|--------------|------------------------|
| Leiar | Anne Bjørg Bringsvor |
| Nestleiar | Endre Vorren |
| Sekretær | Eirik Voksøy Bringsvor |
| Kasserar | Svein Helge Bringsvor |
| Lagleiar G08 | Bjørn Thore Hansen |

Referat:

Sak 1: Bjørn Thore orienterte om planane for fotballturneringa vi skal arrangere søndag 14. juni. Fire gjestande lag deltek. Tidspunkt 12.30-15.30. Det er lagt opp til grillmatsal (spyd med fisk eller kjøt) i tillegg til kiosken. Kjerstin, Marites og Annbjørg/Knut Olav har ansvar for dette. ABB spør ungdomslaget om lån av fleire benkar, gir beskjed til SHB når det er i orden. Ønske om speakerlegg for musikk, presentasjon av laga osv. BTH ordnar. Diplom til spelarane, BTH. Ønske om at ungdommen får prøve seg som dommar. BTH ordnar.



Sak 2: Vi har fått brev frå kyrkjeringen, der dei spør om pengestøtte til det planlagde reiskapshuset som skal byggast ved kyrkja. Vi meiner at vi ikkje bør bruke pengar på dette. Ikkje nødvendig å svare på førespurnaden.

Sak 3: Det har utan vår deltaking vore eit samarbeidsmøte mellom Sunnmøre Fotballkrins og klubbane i Sande Kommune. Tema var korleis gje dei aktive eit best mogleg tilbod i framtida, med tanke på dei låge barnetala i bygdene. Det kan verte aktuelt å setje ned ei arbeidsgruppe med representantar frå kvart styre. Dette vil vi vere med på.

Sak 4: Idrettskrinsen inviterer til å vere med på eit nettverk der idrettsengasjert ungdom får gode og attraktive møteplassar. Målet er å samle ungdom 16-25 år for å heve kompetansenivået. Samlingar ein eller fleire gongar i året. ABB meiner EVB er rett mann å melde på. Ingrid Bringsvor Voksøy vart også nemnt. EVB lunken til å vere med på dette også.

Sak 5: Den skuldige var i gang med betaling for skadeverket på klubbhuset, men har siste par månadane ikkje halde avtalen. Konfliktrådet gjer ikkje jobben sin, heller, men har etter kvart sendt eit brev til han om at saken går tilbake til politiet dersom avtalen vert broten. EV ringte til den skuldige under styremøtet for å vise at vi ikkje er likegyldige. ABB følgjer saken vidare.

Sak 6: Tussa inviterer til å vere med på Krafttaket 2015, der ein kan søkje om pengestøtte etter å ha gjort ei god gjerning for samfunnet. EVB meiner vi kan bruke den halvt planlagde ryddinga av fjøra ut mot Dollsteinen som gjerning. Vi planlegg dette nærmare i samarbeid med trimgruppa.

Sak 7: Vi er med på mobilinnsamling i samarbeid med NIF og Telenor, og vil få 30 kroner for kvar innsamla telefon. Veske heng på butikken. Dårleg oppslutnad til no. Innsamlinga skal vere ferdig i oktober. Vi set eventuelt i verk tiltak med flygeblad og innsamling på dørene etter sommaren, og prøver å informere om veska på butikken inntil vidare.



Sak 8: Klubbhusprosjektet er no i gang for fullt. Byggesøknaden vart godkjent, og spelemiddelsøknaden er sendt. Graving er så å seie ferdig, og det vart i dag klart til å setje opp ringmuren. Prosjektnemnda har kontroll. ABB ordnar med brus og kaffi som er tilgjengeleg ved dugnad, og eventuelt folk til å lage eit kvart etande ved større samlingar. EVB gir beskjed når det er planlagt dugnad.

Søknaden om RDA-midlar vart avslått fordi dei ikkje gir midlar til sjølve huset, men derimot til utstyret. Nemnda syter for at kostnadsoverslag på treningsutstyr vert laga, og ny søknad sendt innan møtet i næringsforumet i september. SHB ordnar med byggelån hos banken.

Sak 9: EVB har to planlagde småarrangement, terrengløp onsdag 24. juni og fotballkveld fredag 3. juli. Begge i Oshaugane, og begge lågterskeltilbod. Terrengløpet vert som ei avslutning for friidrettsgjengen, og det er ein bonus dersom det kjem tilreisande deltakarar – invitasjon vert sendt snarast. Fotballkvelden vert som i fjor slik at alle som vil delta, møter opp, og vert delt inn i lag på staden. EVB gir beskjed til ABB med tanke på kiosk.

Møtet slutt 17.45.